



Møre og Romsdal fylkeskommune

Dato: 11.06.2015
Vår ref.: 2015/1160-2
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.:

Drift av bokbåten i Hordaland etter nedlegging i Sogn og Fjordane

Oversender vedtaket

Anette Durr Thomassen
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2015/1160-1
 Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	27/15	12.02.2015
Fylkesutvalet	39/15	18.02.2015
Fylkestinget	12/15	10.03.2015

Drift av bokbåten i Hordaland etter nedlegging i Sogn og Fjordane

Samandrag

Det flytande biblioteket blei etablert i Hordaland i 1959. Samarbeidet med Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane starta i 1963, då «Epos» blei bygd for føremålet. Bokbåten har blitt modernisert og tilpassa bibliotektilboda i kommunane i dei 55 åra tilbodet har eksistert. Interesse har auka i Hordaland dei siste åra. Det er etablert nye stopp, det er svært godt besøk, høgt utlån og mykje mediedekning på kvar tur. Bokbåten «Epos» er ein kjent og kjær kulturinstitusjon langs heile Vestlandskysten. Tenesta medverkar til eit positivt omdøme og er ein ambassadør for fylkeskommunen.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 8.12.2014 at bokbåtenesta i Sogn og Fjordane blir avvikla frå 1.09.2015. Dei tre fylka har felles avtale om leige av bokbåten, og ei vidareføring av drifta i to fylke, må inn i ny kontrakt med båteigar, gjeldande frå september 2015. For at fylkesbiblioteket i Hordaland skal kunne førebu haustturen med bokbåten, må kontrakt vere klar ca. 1. mai.

Utan Sogn og Fjordane blir kostnadsauke for vidare drift i Hordaland ca. kr 150 000 per år frå 2016. Dette inkluderer generell kostnadsauke. Auka leige for hausten 2015 vil vere kr 68 310. Det er tatt til orde for at Staten må inn i finansieringa av bokbåtenesta.

Fylkesrådmannen tilrår at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar frå 1. september 2015, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på tre år. Ein avtale skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist.

Forslag til innstilling

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 1. 09. 2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkast innanfor vedtekne budsjett i Kultur- og idrettsavdelinga. Årleg kostnad for bokbåten handsamast i samband med budsjett og økonomiplan.

2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for Fylkesutvalet til vedtak.
3. Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 1. 09. 2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkast innanfor vedtekne budsjett i Kultur- og idrettsavdelinga. Årleg kostnad for bokbåten handsamast i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for Fylkesutvalet til vedtak.
3. Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Andre setning i punkt 1:
Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedteke budsjett innan Bibliotek (740).

Punkt 3 går ut."

Røysting

Strømme sitt forslag punkt 1 vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for innstillinga. Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

Strømme sitt forslag punkt 3 vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for innstillinga.

Innstilling til fylkestinget

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedtekne budsjett innan Bibliotek (740). Årleg kostnad for bokbåten vert handsama i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.

Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Natalie Golis sette fram slik forslag:

"Punkt 3 takast tilbake:

"Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet."

Alexander Fosse Andersen sette fram slikt forslag:

1. "Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedteke budsjett i kultur- og idrettsavdelinga. Årleg kostnad for bokbåten skal handsamast i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.
3. Det skal arbeidast politisk for å få driftstilskot til bokbåten inn på statsbudsjettet."

Røysting

Andersen sitt forslag fekk 11 røyster (Sp, 4 KrF, SV, MDG) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Golis sitt forslag fekk 28 røyster (MDG, SV, A, Sp, KrF) og fall.

Vedtak

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedtekne budsjett innan Bibliotek (740). Årleg kostnad for bokbåten vert handsama i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.01.2015

I samband med budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember 2014 blei dette verbalforslaget vedtatt:

28. Fylkestinget er kjent med innstillingen til fylkestinget i Sogn og Fjordane vedrørende bokbåten. Innstillingen og avtalefornyelse gjør at fylkestinget ber om en sak om bokbåten til behandling senest til møte i KURE i februar.

Historikk

Ideen om å opprette eit flytande bibliotek i Hordaland blei utvikla etter krigen. Retningslinjer blei dregne opp, og stoppestadene blei valde ut i samarbeid med formannskapskontor og bibliotekstyre. Overalt slutta folk opp om tiltaket. Takka vere full støtte og aktiv innsats frå Statens bibliotektilsyn, blei finansieringa ordna.

Båten som skulle nyttast, måtte gi rom for bibliotekverksemd og ha plass både til mannskap og bibliotekarar, som skulle leve og bu om bord. Båten måtte vere sjødyktig og utrusta slik at ruta kunne haldast. Valet fall på «Abdulla», ein 62 fot lang kuttar som før hadde vore "agentbåt" for seljarar langs kysten. Den første turen var i september 1959. På kvar stoppestad var det fullt av folk på kaia, flagging og mange stader ordførarar og hornorkester.

På halvannen månad vitja «Abdulla» 150 bygder, og det blei lånt ut 7000 bøker. Våren 1960 blei det andre toktet gjennomført, og i åra som følgde viste utlånstala jamn og sikker auke. Bokbåten ønskte etterkvart å by på meir enn bøker, men til barnetimar, filmframsyning, foredragsverksemd og forfattarkvelder var «Abdulla» for liten. Frå våren 1962 tok den 66 fot lange "Fjordguide" over.

«Fjordguide» gjorde tre tokt som bokbåt, og hausten 1963 blei den nybygde MS "Epos" på 85 fot sett inn i drifta. Med «Epos» byrja ein ny æra i bokbåten si historie. Frå 1964 blei verksemda utvida til å dekkje Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, og kulturprogram blei fast innslag. Etter nokre år blei bokstamma delt, og drifta blei administrert frå fylkesbiblioteka i Ålesund, Førde og Bergen. Fylkesbiblioteka er ansvarlege for bokinnkjøp og utlån i sine respektive fylke. Om lag 165 stader i dei tre fylka blir vitja to gonger i året.

Bokbåten har blitt modernisert og tilpassa eksisterande bibliotektilbod i kommunane i dei 55 åra tilbodet har eksistert. Bibliotekinnreiinga blei sist fornya i 2006 (betalt av Møre og Romsdal). Tenesta er ein del av det samla bibliotek- og kulturtilbodet i fylka, og gjennom bokbåten har barn og vaksne i utkantstrok tilgang til det nasjonale biblioteknettverket.

Om ein ser på bokbåten i lys av biblioteks- og samfunnsutviklinga, har det naturleg nok vore nedgang i talet på stoppestader i løpet av snart 50 år. Det vart også ein liten nedgang i talet på anløp på 80-talet då Sogn og Fjordane fylkeskommunen innførte ein eigendel for kommunane som deltok i bokbåtordninga. I Hordaland har interessa for tilbodet auka sidan hausten 2007, då det var mykje mediedekning i samband med framlegg om nedlegging. Det er etablert ni nye stopp (nokre er nedlagt), det er svært godt besøk, høgt utlån og mykje medieinteresse på kvar tur.

Bokbåten «Epos» er kjent og kjær langs heile Vestlandskysten. Tenesta medverkar til eit positivt omdøme og båten er ein kulturambassadør for fylkeskommunen. Lokalavisene har omtale og reportasjar frå kvar tur. Gjennom presentasjonar i regionale og nasjonale aviser, radio og fjernsyn er bokbåten blitt velkjent i heile landet. Gjennom ulike media og presentasjonar på konferansar i mange land, har bokbåten også blitt godt kjent i utlandet. I 2014 blei han nominert til prisen som Årets bibliotek i Noreg.

Vestlandssamarbeid

Bokbåten blir marknadsført som Vestlandet sitt flytande bibliotek. Dei tre fylka samarbeider om leigeavtala, om utviklingstiltak og om den felles nettstaden <http://www.bokbaten.no>, som har opplysningar om ruter m.v.

Nettstaden blei lansert i 2014 i samband med markering av det 50 år lange samarbeidet mellom fylka. Facebooksida til bokbåten har meir enn 1700 følgjarar.

Fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane vedtok på budsjettmøte i desember 2014 at fylket må avvikle bokbåtordninga p.g.a. budsjettreduksjonane fylkeskommunen står overfor dei neste åra. I praksis betyr det at varturen som går frå fredag 27. februar til søndag 15. mars 2015 er bokbåten si siste ferd i Sogn og Fjordane.

Kulturbåt og litteraturhus

Då «Epos» blei bygd i 1963, var det særleg viktig å ha plass til kulturformidling i tillegg til biblioteket. Dei første åra var det program for born på dagtid og vaksne på kveldstid, men frå tidleg på 80-talet har bokbåten prioritert å tilby kulturprogram spesielt for barn. Der er to til tre kulturprogram kvar dag. På vekedagane er det skuleborn som er målgruppa, medan det på laurdagar og sundager kjem familiar om bord. Det blir lagt vekt på kvalitet, og berre profesjonelle utøvarar blir nytta. Som regel er det program der formidling av tekst blir presentert på ein lett og humoristisk måte. Fordi bokbåten går til små plassar, må det vera eit tilbod som passar til store og små grupper til både barnehageborn og litt større skuleungar. Dette stiller store krav til utøvarane, som ikkje på førehand veit kva publikum som møter dei på kvart stopp. Kulturprogramma er i samarbeid med Den kulturelle skulesekken og støtta av Hordaland folkeakademi.

I 2014 fekk fylkesbiblioteket i Hordaland ei løyving på 50 000 kr frå Fritt Ord for å formidle nyare norsk litteratur til vaksne, og om hausten hadde bokbåten tre kulturarrangement for vaksne på kveldstid. Dette blei svært godt mottatt, og ein vil arbeide vidare med slike arrangementa i 2015.

Føremålsparagrafen i folkebiblioteklova blei frå 2014 endra frå at biblioteka skule stille *bøker og anna materiale til disposisjon* til at biblioteka *skal drive aktiv formidling*. I tillegg skal folkebiblioteka vere ein uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Bokbåten har i over 50 år vore meir enn ei flytande boksamling, og har på den måten ivaretatt det nye samfunnsoppdraget til biblioteka. Båten er både eit moderne bibliotek og litteraturhus.

Populært tilbod til barn

I 2014 hadde bokbåten 42 driftsdagar i Hordaland. Det er 53 stoppestader fordelt på 24 kommunar. Det var to nye stopp: Hellesøy i Øygarden og Øystese i Kvam. Dei fleste stoppa ligg slik at det er lett tilgang for skular. Stoppa blir vitja to gonger i løpet av året. I tillegg til direkte utlån har kvart stopp ein kontaktperson, som tar i land 200-400 bøker til vidareutlån før neste besøk. Kontaktpersonen er ansvarleg for å annonsere besøket og samle inn bøker før båten kjem.

Utlånet i 2014 var på vel 17 000 bøker og nesten 90% av dette var til barn. 3924 personar besøkte båten, 77,5% barn. Det var 93 kulturprogram om bord med totalt 3 400 tilskodarar.

Fylkeskommunen har etablert utlån av e-bøker i Hordaland. Tilbodet er særleg retta mot vaksne. Det er ikkje biletbøker eller andre illustrerte bøker tilgjengeleg som e-bok. Barn treng ein levande formidlar for å finne fram til rett bok og for å få lyst til å lese. Samarbeidet med Lindås bibliotek om drifta av bokbåten sikrar høg kompetanse på barnelitteratur og på formidlinga til lånarane som kjem om bord.

Leigeavtale og kostnader

Dei tre fylkeskommunane har avtale med Vinnes Skyssbåtsservice AS, som gjeld fram til 31. august 2015. Kostnadene er rekna ut frå at båten blir drifta i «bokfart» i 136 døgn på årsbasis. Sogn og Fjordane har leigd båten i 38 døgn, Hordaland i 46 døgn og Møre og Romsdal i 52 døgn. Budsjettet for Hordaland er for 2015 på kr 1 226 000. Budsjettet inkluderer leige av båten, innkjøp av bøker, kulturprogram, avtalen med Lindås kommune om praktisk arbeid m.v.

Ei vidareføring av bokbåtdrifta i to fylke etter at Sogn og Fjordane avviklar si drift, må inn i ny kontrakt med båteigar gjeldande frå september 2015. For at fylkesbiblioteket i Hordaland skal kunne førebu hausttur, må kontrakt vere klar ca. 1. mai. Innkjøpsseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune, som er ansvarleg for kontrakten, har fått melding frå båteigar om at ein modell med 2 fylke vil medføre ei auke i leigeutgiftene. Fordi han har fått ei større kontrakt på sommarkøyring i Sogn og fleire dagar å fordele utgiftene på, er det mogleg å drifte bokbåten i Hordaland og Møre og Romsdal utan ein monaleg prisauke.

Kostnadsauke for vidare drift i Hordaland i 2016 vil vere på ca. kr 150 000 pr år. Dette inkluderer også generell kostnadsauke, dvs. ei auking i budsjettet til bokbåten på om lag 18%.

Fylkesrådmannen tilrår at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar frå 1. september 2015, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på tre år. Ein avtale skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist.

Ein avtale skal innehalde eit punkt om oppseiing. I noverande avtale er det formulert slik: «Dersom det skulle bli nødvendig, kan KUNDEN skriftleg seie opp kontrakten i kontraktperioden. Slik oppseiing skal bli grunngitt og skal fastsette opphørsdato og kva LEVERANDØREN skal foreta seg i samband med oppseiinga». I ny avtale skal det i tillegg stå at oppseiingsfrist er 6 månader.

Auka leige for hausten 2015 vil for Hordaland vere kr 68 310. Dette kan dekkast innanfor det vedtekne budsjettet i Kultur- og idrettsavdelinga.

Bokbåten på statsbudsjettet

Det er lansert tankar om at Staten må inn i finansieringa av bokbåttenesta, m.a. av den tidlegare nasjonalbibliotekaren i samband med jubileumsfeiringa i 2014. Både Norsk bibliotekforening og Bibliotekarforbundet har bedt Kulturdepartementet finne midlar til Bokbåten på statsbudsjettet frå 2016.

Eit spleiselag mellom stat og fylkeskommune, vil gi føreseieleg drift og utvikling av eit nasjonalt ikon som bokbåten på Vestlandet. Tenesta er i tråd med framtidsretta og moderne bibliotekdrift og støtter opp om nasjonale målsettingar om lesedugleik, litteratur- og kulturformidling.